

Stiftinga Den norske bokbyen
Mundal
6848 Fjærland

Fjærland, 10.mai 2016

Til
Sogn og Fjordane fylkeskommune, kulturavdelinga

Klage på vedtak om avslag på søknad om støtte til kulturmiddlar 2016

Vi syner til avslag på søknad om støtte til 1)aktivitetar opne for alle i sommarsesongen 2016, og 2)å vidareutvikle satsinga på barn.

Den norske bokbyen har eit unikt tilbod med 150.000 bøker, bøker av alle slag, dei står framme i hyllene, er tilgjengeleg for alle, og alle bøkene kan ein kjøpe. Dette er i stor grad bøker som ikkje er tilgjengeleg andre stader. Vi yter mykje kundeservice heile året. Vi leiter fram bøker folk ikkje finn andre stader, vi tek i mot bøker som folk gjerne vil skal kome andre til nytte. Som døme på bokutvalet vårt kan vi nemne at Nasjonalbiblioteket kvart år kjøper mange bøker av oss som dei manglar i si samling. Sjølv om det finst bibliotek betyr det å kunne kjøpe ei bok mykje for mange. Med tanke på å bringe litteratur vidare til neste generasjon har vi mange kundar som er på jakt etter bøker dei vil lese for eller gje til barn og barnebarn.

Men Bokbyen er mykje meir enn ein bokbutikk. Det er verkeleg ei oppleveling å vere her, leite etter bøker, finne bøker, oppdage bøker ein ikkje ante eksisterte. Nesten alle bokutsala er i bygningar som tidlegare har hatt andre funksjoner i lokalmiljøet og som gjev det heile ein heilt spesiell atmosfære saman med den storslattede naturen som omkransar den vesle bokbygda. Kvar dag heile sommaren høyrer vi frå kundar og besøkande kor spesielt det er for dei å oppleve Bokbyen. Fjærland er ein veldig liten plass (færre enn 300 innbyggjarar) med ufatteleg mange bøker.

Langt frå alle kjøper bøker, men det er likevel ei oppleveling for dei å vere i Bokbyen. Vi er ein viktig reiselivsaktør, og har stor betydning for reiselivs- og næringsutviklinga i Fjærland. Dei ulike verksemndene her er avhengige av kvarandre og bidreg kvar på sin måte til gjøre Fjærland til eit attraktivt reisemål.

Som det sikkert går fram av det som er skrive over tenar vi ikkje pengar på alt vi gjer. Samstundes har vi eit sterkt ynskje om at besøkande i Bokbyen skal få ei god oppleveling, og vi vil ha arrangement der boka er i sentrum. Dette er ei viktig del av vår verksemd, men vi er avhengige av støtte om vi skal få det til. Den årlege Boknatta er blitt ein fast og viktig tradisjon for Bokbyen, og mange går allereie og gler seg til årets Boknatt.

Fjærland har lange tradisjonar som reisemål, og besøkjande kjem frå heile verda. Varierte tilbod og aktivitetar vert stadig meir etterspurd, og me er eit viktig bidrag til mangfald og ei annleis oppleveling.

Men sjølv med besøkande frå heile verda, og med spørsmål om bøker frå inn- og utland, vil vi likevel seie at Bokbyen betyr noko ekstra for veldig mange i vårt eige fylke. Det er først og fremst dei som kjem att år etter år, som gjev oss bøker, og som vi har inntrykk av opplev at Bokbyen er litt «deira».

Bokbyen har gjeve mange forfattarar og andre kulturformidlarar/utøvarar frå fylket vårt ei scene eller eit arrangement, og dette vert viktig også i jubileumssesongen. Vi kan nemne at på Boknatta bidreg fylgjande med tilknyting til vårt eige fylke; Brynjulf Jung Tjønn, Marianne Clementine Håheim, Johs. B. Thue, Fridtjov Urdal, Billa & The Kid og Ragnar Hovland. For barna vert det eit flott arrangement med matlaging ute i det fri saman med forfattarane av boka «Klare sjølv».

Når det gjeld vidare satsing på barn vil dette vere høgt prioritert framover. Vi har allereie to fine barneavdelingar (den eine ganske nyetablert), og vi har fått på plass eit leikeområde ute som vi stadig arbeider med å utvikle vidare. Men først og fremst håpar vi no at vi kan få moglegheit til å kome skikkeleg i gang med leseholna som omtalt i søknaden.

Med vennleg helsing

Marianne Supphellen
Dagleg leiar